



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4621 - 23/55532

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.07.2023

Svar på førespurnad om plassering av anleggsrigg knytt til arbeid i BKB2 - gbnr.188/384, 188/416, 188/421 Gjervik ytre

Vi viser til dykkar førespurnad datert 27. 06.2023 som gjeld plassering av anleggsrigg knytt til godkjend tiltak på delområde BKB2 i områdeplanen for Knarvik Sentrum. Anleggsriggen skal plasserast på eigedomen gbnr 188/415 som grensar til delområde BKB2.

Det går fram av plan- og bygningslova at «bygningar, konstruksjonar eller anlegg på eller i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt hvor arbeid pågå» kan plasserast utan søknad eller løyvet, jf. pbl § 20-5, SAK 10 § 4.2 a).

Det går fram av lova at pbl § 30-5 gjeld sjølv om tiltaket er unntatt krav om søknad og løyve. Det vil seia at dei materielle reglane i byggt teknisk forskrift gjeld så langt dei passar. Sjå elles byggt teknisk forskrift (TEK17) § 1-2 fjerde og femte ledd der det er presisert kva tekniske krav som gjeld for konstruksjonar og anlegg og for mellombelse tiltak.

Det er vår vurdering at vist plassering av anleggsrigg slik skildra fell inn under unntaket frå kravet om søknad og løyve i plan- og bygningslova. Vi ser av kommunen sitt leidningskartet at det er plassert kommunale vass- og avlaupsleidningar i dette området. Avklaring med kommunen si avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp – forvaltning vil derfor vera nødvendig.

Når det gjeld spørsmålet om behov for ytterlegare avklaring dersom anleggsriggen må flyttast gjennom anleggsfasen, er det vår vurdering at plassering av anleggsrigg inne på anleggsområdet ikkje vil krevja ytterlegare avklaring i forhold til plan- og bygningslova, men at nødvendig avklaring i forhold til vass- og avlaupsleidningar, offentleg veg og tilkomst likevel kan vera nødvendig i enkelte tilfelle. Plassering av anleggsrigg utanfor sjølve anleggsområdet bør avklarast i kvart enkelt tilfelle.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
Rigg Plan

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen As

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ